Universitetet i Bergen
Det medisinsk-odontologiske fakultet

Styresak: 57/12

Sak nr.: 2012/4005

Møte: 09.05.2012

UTLYSNING - PROFESSOR/FØRSTEAMANUENSIS (50 %) I FARMASI (SAMFUNNSFARMASI) VED INSTITUTT FOR SAMFUNNSMEDISINSKE FAG

I brev av 02.04.2012 ber Institutt for samfunnsmedisinske fag om at det blir lyst ut en fast stilling som professor/førsteamanuensis (50 %) i farmasi (samfunnsfarmasi) ved instituttet. Grunnen til at denne stillingen lyses ut, er fordi en vitenskapelig ansatt innenfor dette fagfeltet har sagt opp sin stilling.

Det er et ønske at denne stillingen blir kombinert med en fast stilling som sykehusfarmasøyt (50 %) ved Sykehusapoteket. Disse to stillingene vil bli lyst ut samtidig.

Instituttet ønsker at begge stillingene skal innehas av samme person og ønsker derfor fellesutlysning.

FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Styret ved Det medisinsk-odontologiske fakultet slutter seg til forslaget om utlysning og stillingsomtale for stillingen som professor/førsteamanuensis (50 %) i farmasi (samfunnsfarmasi). En forutsetter at Institutt for samfunnsmedisinske fag har budsjettmessig dekning for stillingen innenfor egen budsjettramme.
2. Dekan får fullmakt til å foreta endringer i samsvar med gjeldende standard for utlysning/stillingsomtale.

26.04.2012 /IVØI

Vedlegg: Brev fra Institutt for kirurgiske fag av 02.04.2012
Utkast til utlysningstekst og stillingsomtale

UNIVERSITETET I BERGEN
Institutt for samfunnsmedisinske fag

Det medisinsk-odontologiske fakultet

Referanse
2012/4005-ELSØ

Dato
02.04.2012

Utlysing av stilling som professor/førsteamanuensis i farmasi kombinert med stilling som sjukehusfarmasøyt

Ved Institutt for samfunnsmedisinske fag er det ledig ei 50 % stilling som professor/førsteamanuensis i farmasi (samfunnsfarmasi) etter at Kjersti Bakken har sagt opp. Det er samstundes ledig ei 50 % stilling som sjukehusfarmasøyt ved Sjukehusapoteket i Bergen. Det er eit ønskje frå båe arbeidsgjevarar at stillingane vert lyst ut saman som ei kombinert stilling.

I tillegg til vanleg praksis ved utlysing, ber me om at stillinga og vert lyst ut i Norsk Farmaceutisk Tidsskrift, http://www.farmatid.no/id/47.0. Instituttet vil ta kostnaden for dette.

Då eit av krava til stillinga er norsk autorisasjon som provisorfarmasøyt, ber me om å sleppe utlysing i Euraxcess. Det er difor lagt ved utlysingstekst og stillingsomtale berre på norsk.

Venleg helsing

Rolv Terje Lie
Instituttleiar

Eldbjørg Sanden Søvik
seniorkonsulent

Vedl.

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjend elektronisk i ePhorte

Institutt for samfunnsmedisinske fag
Telefon 55586100
Telefaks 55586130
post@isf.uib.no

Postadresse
Postboks 7804
5020 Bergen

Besøksadresse
Kalfarveien 31
Bergen

Sakshandsamar
Eldbjørg Sanden Søvik
55586142

SJUKEHUSAPOTEKA **VEST**

PROFESSOR/FØRSTEAMANUENSIS I FARMASI (samfunnsfarmasi) / sjukehusfarmasøyt

Ved Institutt for samfunnsmedisinske fag, Universitetet i Bergen og Sjukehusapoteka Vest HF i Bergen er det ledig ei 100 % stilling. Stillinga er fordelt med 50 % stilling som professor/førsteamanuensis i farmasi (samfunnsfarmasi), og 50 % stilling som sjukehusfarmasøyt.

Føremålet med stillinga er å styrke undervisning og forsking innan samfunnsfarmasi og styrke samarbeidet mellom UiB og Sjukehusapoteket i Bergen.

Institutt for samfunnsmedisinske fag

Instituttet er organisert i forskingsgrupper som organiserer forskingsaktiviteten ved instituttet og i faggrupper som organiserer undervisninga. Forskingsgruppa i samfunnsfarmasi har hovudfokus på bruk av legemidlar i utsette grupper, foreløpig med vekt på legemidlar i sjukeheimar og på bruk av urter blant gravide. Gruppa er liten, men er ein del av eit inspirerande miljø med allmennmedisinarar, fysioterapeutar og andre forskarar innan helsefag.

Den som vert tilsett skal kunne bidra i undervisning i samfunnsfarmasi og skal ivareta rettleiing av doktorgrads- og mastergradsstudentar i forskingsgruppa.

Ein stillingsomtale med nærare presisering av fagkrins og ansvarsområde, særlege plikter og andre tilhøve som vert lagt vekt på ved tilsetjinga, kan ein finna lenger nede på denne sida.

Sjukehusapoteket i Bergen

Sjukehusapoteket i Bergen er eit av landets største apotek, med om lag 100 tilsette. Vi leverer varer og tenester til Helse Bergen HF og til sjukeheimar og institusjonar i Helse Bergen sitt nedslagsfelt. Dei 100 tilsette er fordelt på fire avdelingar, Sjukehusekspedisjonen, Publikumsekspedisjon, Produksjon og Farmasøytiske tenester. Vi har eit tett samarbeid med Haukeland universitetssjukehus, sjå og www.sjukehusapoteka-vest.no for meir informasjon.

Søkjar må ha ph.d.-grad eller tilsvarande, samt norsk autorisasjon som provisorfarmasøyt. Me søkjer ein person som er målmedviten og løysingsorientert og har gode samarbeidsevner.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til førsteamanuensis Lone Holst, Institutt for samfunnsmedisinske fag, UiB. tlf. 55 58 61 52, lone.holst@isf.uib.no, eller konstituert apotekar Ken Tesaker tlf. 415 37 695, ken.tesaker@sjukehusapoteka-vest.no.

Løn etter lønssteg 59 for førsteamanuensis (kode 1011/lønsramme 24.3), og lønssteg 67-72 (kode 1013) for professor, i lønsregulativet til staten. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Det vert trekt 2 % pensjonsinnskot til Statens pensjonskasse. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn. For stillinga som sjukehusfarmasøyt er løna i samsvar med gjeldande overeinskomst.

Den som vert tilsett har plikt til å ta del i undervisning og eksamen etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid og til utan godtgjersle å rette seg etter dei endringane som gjennom lov måtte bli vedtekne om fagkrins, pensjonsordning og aldersgrense.

Undervisningsspråket er norsk og det er eit krav at den som vert tilsett har god kunnskap i norsk skriftleg og munnleg. Tenestestad er Bergen. Pedagogisk basisutdanning er eit krav for stillinga. Den som vert tilsett vil få tilbod om opplæring dersom kravet ikkje er oppfylt før tilsetjing.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvotering i Personalreglementet for vitskaplege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnssamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte offentleggjorde sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillingane.

Søkjar må nemne dei vitskaplege arbeida eller delar av arbeida som det skal verte lagt særleg vekt på ved vurderinga. Desse bør ikkje vere fleire enn 15 for professor og 10 for førsteamanuensis. Søknaden må innehalde oversyn over vedlegg som dokumenterer søkjaren sine pedagogiske kvalifikasjonar.

Søknad

Slik søkjer du stillinga:

Send søknad og CV som inneheld fullstending oversikt over tidlegare utdanning og tidlegare arbeid/erfaring, samt vedlegg elektronisk via lenka «Søk stillingen» på denne sida.

Legg ved:

- CV
- vitnemål
- attestar
- fullstendig publikasjonsliste
- liste med vedlegg som dokumenterer dine pedagogiske kvalifikasjonar
- ei liste over vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysning om kvar dei er offentleggjorde
- vitskapelege arbeid du vil det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 15 for professor og maks 10 for førsteamanuensis)

Søknadane vert sendt elektronisk til den sakkunnige nemnda.

Vi gjer merksame på at søknader vert vurdert med den informasjonen for ligg føre i JobbNorge når søknadsfristen går ut. Det er søkjar sitt ansvar å sørgje for at alle relevante vedlegg er sendt inn innan fristen.

Ein viser til "Midlertidige regler om framgangsmåten ved tilsetting i professorater".

Søknadsfrist:

Stillingsomtale

Professor/førsteamanuensis i farmasi (samfunnsfarmasi) / sjukehusfarmasøyt

Ved Institutt for samfunnsmedisinske fag, Universitetet i Bergen og Sjukehusapoteka Vest HF i Bergen er det ledig ei 100 % stilling. Stillinga er fordelt med 50 % stilling som professor/førsteamanuensis i farmasi (samfunnsfarmasi), og 50 % stilling som sjukehusfarmasøyt.

Institutt for samfunnsmedisinske fag

Institutt for samfunnsmedisinske fag driv forsking og undervisning innan allmennmedisin, arbeidsmedisin, epidemiologi, førebyggjande medisin, fysioterapivitskap, genetisk rettleiing, medisinsk etikk og vitskapsteori, medisinsk historie, medisinsk statistikk, sosialmedisin, sjukepleievitskap, trygdemedisin og samfunnsfarmasi.

Den som vert tilsett vert knytt til Forskingsgruppe for samfunnsfarmasi. Føremålet med stillinga er å styrke undervisning og forsking innan samfunnsfarmasi og samstundes styrke samarbeidet mellom UiB og Sjukehusapoteket i Bergen.

Vedkomande vil få ansvar for undervisning i samfunnsfarmasi på første semester og må difor vere godt kjent med norsk apoteklovgjeving og tilhøve innan norsk farmasi og norsk samfunn. Vedkomande skal og initiere og leia forsking, drive forskingsrettleiing, delta i undervisnings av studentar og eksamensarbeid, og ta på seg administrative oppgåver etter dei til kvar tid gjeldande reglar.

Sjukehusapoteket i Bergen

Sjukehusapoteket er i stadig utvikling og søkjer ein dyktig farmasøyt som kan ta del i den daglege drifta av apoteket. Apoteket kan tilby jobb i eit stort, kompetent og inspirerande farmasifagleg miljø med fokus på kvalitet og kompetanse. Det er høve til fagleg og personleg utvikling, eit triveleg arbeidsmiljø med gode kollegaer, og gunstige arbeidstids- og velferdsordningar.

Søkjar må ha ph.d.-grad eller tilsvarande kompetanse samt norsk autorisasjon som provisorfarmasøyt.

Undervisningsspråket er norsk og tenestestad er Bergen.

Den som vart tilsett må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjinga.

Ein viser til dei generelle reglane ved universitetet om at innafor si normale arbeidsplikt og faglege kompetanse kan den som vert tilsett og bli pålagt undervisning, rettleiing og eksamensarbeid utanfor den organisasjonseininga stillinga er knytt til.

Det akademiske kollegium understreker at pedagogiske kvalifikasjonar skal tilleggas reell vekt ved tilsetjing i vitskaplege mellom- og toppstillingar. Søkjarane må dokumentere sine eigne pedagogiske kvalifikasjonar. Dette kan til dømes gjerast ved innsending av:

- Prov for gjennomført pedagogisk utdanning.
- Evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning.
- Oversyn over undervisningsomfang og nivå.
- Oversyn over mastergrads- (hovudfags-) og doktorgradsrettleiing og resultat.
- Mottekne studentprisar.
- Eigne pedagogiske publikasjonar.
- Eigne undervisnings-kompendier og undervisningsmateriell.
- Rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettleiing eller læringsmiljø.

Tilsetjing skjer på grunnlag av vurdering av vitskapleg nemnd samt ei sjølvstendig vurdering av tilsetjande myndigheit inkludert intervju og eventuell prøving av dugleik i undervisninga.